

Bruk av Bømlo symjehall for medlemmar av Bømlo symjeklubb

I samband med opning av Bømlo symjehall har Bømlo kommune vedteke å leggje til rette for å utvikle symjemiljøet i Bømlo kommune. Eit tiltak er vederlagsfri bruk av bassenga for symje-relaterte idrettsaktivitetar. Barn og unge skal prioriterast.

Av den grunn har Bømlo symjeklubb fått gratis tilgang til symjehallen for sine ordinære treningar på oppsette tider og i tildelte banar, for barn og unge under 18 år og aktive konkurranse symjarar.

Frå 01.01.19 må medlemmar over 18 år ha årskort eller klippekort for å symje/trene i symjehallen. Dette gir saman med medlemskontingent i symjeklubben, tilgang både til treningar i regi av Bømlo symjeklubb og til dei generelle opningstidene.

Frå 01.01.19 er det ikkje lenger mogleg å gå inn i bassenga utan chiparmband, verken på offentlig symjing eller treningstider tilrettelagt for Bømlo symjeklubb.

Barn og unge under 18 år må også ha chiparmband med tilgang til si gruppe sine treningstider.

Både barn og vaksne må derfor ordne seg chiparmband før 01.01.19. Dette gjer ein ved å henvende seg i billettluke i symjehallen sine ordinære opningstider.

Medlemmar i Bømlo symjeklubb som har betalt treningsavgift vil få blå chiparmband. Chiparmband for vanlege årskort/klippekort er kvite. Årskort og klippekort er personlege og er registrert med namn og bilete.

Chiparmband blir programmert ut frå kva tilgang den enkelte skal ha.

Prisar:

- Chiparmband: kr 100,-
- Årskort vaksen: kr 2400,-
- Årskort student: kr 1500,-
- Klippekort vaksen (13 klipp): kr 600,-
- Klippekort student (13 klipp): kr 450,-

Beste helsing Bømlo symjehall

